
Fra: Tore Johan Erstad
Sendt: 7. mars 2015 10:59
Til: 'Christen.Soleim@uib.no'
Emne: GBNR 1/62 - Søknad om dispensasjon - Tiltak i strandsona
Vedlegg: Uttale - Meland - Gnr 1 Bnr 63 - Flatøy sør aust - Flytebrygge med meirpdf;
Erklæring.htm

Hei Christen Solem,

Administrasjonen viser til søknad om dispensasjon for oppføring av tiltak i strandsona på gbnr 1/63.

Tilhøvet til nabovarsling og pbl § 29-4:

Av opplysningane i saka går det fram at tiltaket vart nabovarsla 15.11.2014. Det er ikkje kome inne merknader i saka frå eigarane av dei varsla eigedomane gbnr 1/117 og 1/107.

Ved gjennomgang av saka i samband med handsaming av saka, vart administrasjonen merksam på at naboeigedomen gbnr 1/15 ikkje har vore varsla. Av plankartet går det fram at delar av tiltaket – landgang, hengebro og flytebrygge – kjem nærare enn 4 meter frå grensa mot denne eigedomen. Det inneber at tiltaket anten krev dispensasjon frå avstandskravet på 4 meter i plan- og bygningslova § 29-4, eller samtykke til plassering i nabogrense frå eigar av gbnr 1/15. Det vert vist til pbl § 29-4 og vedlagt døme på erklæring. Du treng ikkje nabovarsel eigarane av gbnr 1/15 dersom dei skriv under slik erklæring, men dersom dei ikkje gjer det må dei varslast på vanleg måte, jf pbl § 23-1.

Fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland:

Ved fråsegn dagsett 21.1.2015 har fylkesmannen rådd i frå at kommunen gjev dispensasjon i saka, sjå vedlegg. Du vert med dette orientert om uttalen og har høve til å kome med merknader.

Administrasjonen ber om at samla merknader og dokumentasjon for nabovarsling/erklæring eller søknad om dispensasjon frå pbl § 29-4 vert sendt samla innan 31.3.2015. Saka vert deretter handsama på bakgrunn av den informasjonen som ligg føre.

Med venleg helsing
Tore Johan Erstad
Konsulent, byggesak
E-post: Tore.Johan.Erstad@meland.kommune.no